

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H, og V fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt."

**Aud Karin Oen** sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune går mot å fjerne konsesjonsregelverk og buplikt slik Landbruks- og matdepartementet foreslår.
2. Veksande folketal og nye matvanar krev auka matproduksjon. Areal eigna for matproduksjon må sjåast på som eit fellesgode. Styresmaktene bør difor ha eit verktøy for å kunne regulere kjøp og sal av landbrukseigedomar, der omsynet til mål om auka matproduksjon er avgjerande.
3. Eigedomsretten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat bør vege tyngre enn omsynet til den som skal selje. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress og at mange landbrukseigedomar blir omgjort til fritidseigedomar. Det kan fortrenge dei som vil bruke jorda til matproduksjon, og true fast busetjing i bygdene.
4. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverk, med mål om forenkla, forbetring og meir systematisk handheving. Men endringar må byggje på kunnskap om konsekvensane, og ikkje gå ut over mål om å sikre ressursar til matproduksjon."

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) for Oen sitt forslag.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt.